

Oddbjørn Leirvik:

## ISLAM, VALD OG ETIKK

Trykt i *Klassekampen* 17. mars 2015 (s. 12-13), under overskrifta «Ei teologisk opprydding».

For religiøse menneske er det ein naturleg impuls å ta sine heilage skrifter i beste meining og ta til motmæle mot det ein opplever som urimeleg kritikk av religionen. I den aktuelle diskusjonen om religion og vald vil muslimar naturleg nok trekkje fram koranvers som kan fungere som ei ikkje-valdeleg motvekt til dei meir stridbare versa som islam-kritikarar gjerne siterer. Mykje siterte stridsvers er sure 8: 60 som Det muslimske brorskapet har henta sitt motto frå («gjer klar stridskreftene») og det såkalla sverdverset i sure 9: 5 der muslimane får løyve til å drepe avgudsdyrkarane, med mindre dei omvender seg.

Mot dette kan muslimar mobilisere langt meir fredsæle passasjar frå Koranen som «Det er ingen tvang i religionen» (sure 2: 257), «Avvis det vonde med det som er betre» (sure 23: 98), og ikkje minst passasjen «Den som drep eit menneske [...] skal reknast som hadde han drepe heile menneskeslekta. Den som bergar eit menneske, skal reknast som hadde han berga heile menneskeslekta» (sure 5: 32).

Problemet med denne typen sitatkunst – kva anten det er islam-kritikarar eller muslimar som har regien – er at versa oftast blir tatt ut av sin historiske og litterære samanheng. Islam-kritikarar underkommuniserer at dei versa som gir muslimane kampløyve, kom til Muhammad i ein fase då dei første muslimane opplevde at dei vart truga på livet av dei gamle makthavarane i Arabia. Kampversa kan såleis ikkje utan vidare gjerast til ein allmenn regel.

I korantolkinga har stridsversa gjerne blitt utmynta til ein teori om den rettferdige krigen, på måtar som liknar mykje på tilsvarende teoridanningar i kristen tradisjon. Slike tolkingar løyser ikkje alle problem, ettersom ein del av dei aktuelle passasjane i Koranen synest å legitimere forkjøpsangrep og ikkje berre forsvarskrig. Militante islamistar har då også ei mykje vidare tolking av kampversa. Men det er fullt mogeleg å tolke desse delane av Koranen på ein restriktiv måte som set sperrer for krigsferd og valdsutøving.

Men også dei meir ikkje-valdelege passasjane i Koranen kan tolkast på ulike måtar. Når det gjeld den siterte passasjen i sure 5: 32 om at den som drep eit menneske skal reknast som hadde han drepe heile menneskeslekta, klipper ein gjerne bort unnataksregelen (markert med hakeparentes i sitatet ovanfor) som tillét drap i form av blodhemn og som straff for brotsverk. Verset kan med andre ord like gjerne brukast til å legitimere dødsstraff, som til eit ikkje-valdeleg manifest.

Ser ein på den litterære konteksten for sure 5: 32, er biletet samansett. Rett før finn vi forteljinga om dei bibelske kjenningane Kain og Abel som Koranen gir ein markert ikkje-valdeleg profil: «Viss du løftar handa di mot meg for å drepe meg, så løftar ikkje eg handa mi mot deg! For eg fryktar Gud, all verdas Herre» (sure 5: 28). Går ein derimot til verset rett etter sure 5: 32, finn vi ei høgst problematisk opning for at dei som tar opp kampen mot Gud og Muhammad og «fartar omkring og stiftar ufred på jorda», kan drepast og endåtil korsfestast (sure 5: 33).

Det er vel kjent at Koranen – og enda meir Hadith-samlingane – inneheld utsegner som har blitt brukt til å legitimere det som i eit etisk og menneskerettsleg perspektiv må karakteriserast som grufulle straffereaksjonar (med lemlesting, tortur eller dødsstraff for tjuveri, ekteskapsbrot, homofili og fråfall). Men også her er det mogeleg å avvæpne

tradisjonen ved å vise til at nokre av dei aktuelle straffene byggjer på diskutabile tolkingar av Koranen; at reglane for når ein kan straffe er så strenge at tilgangen til slike reaksjonar nærast kan avskjerast; og at reglane speglar ei tid der slike straffereaksjonar var vanlege og at vi i dag kritisk må revurdere dette utifrå meir menneskevennlige verdier i Koranen.

Men kva meiner muslimar i dag om dei brutale straffereaksjonane som tradisjonen legitimerer? Det er liten tvil om at berre eit mindretal av verdas muslimar støttar valdsutøving i form av terroraksjonar, kva anten desse rårar andre muslimar, kristne, jødar og andre utsette minoritetsgrupper, eller journalistar og karikaturteiknarar i Vesten. Men korleis stiller muslimar seg til brutal valdsutøving som del av strafferetten, slik vi i dag ser det ikkje berre i terrorregimet til Den islamske staten (IS) men også i land som Iran og Saudi-Arabia?

No er det vel å merke berre ei mindretal av statar med muslimsk majoritet som faktisk praktiserer denne delen av shariatradisjonen. Men det er teikn som tyder på at markerte fleirtal i delar av den muslimske verda faktisk ønskjer seg valdelege straffereaksjonar på visse typar brotsverk og uønskt åtferd. Ein del haldningsundersøkingar frå dei siste åra i regi av det velrenomerte Pew Research Centre, gir i alle fall nedslåande resultat. For eksempel viste ei undersøking frå 2010 («Muslim Publics Divided on Hamas and Hezbollah») at fire av fem egyptarar og pakistanarar støtta brutale straffereaksjonar som steining, amputasjon og dødsstraff for ekteskapsbrot, tjuveri og fråfall, rett nok til forskjell frå muslimar i Indonesia og Tyrkia der høvesvis ein tredel og mellom fem og femten prosent gjekk inn for det same. Ei tilsvarande undersøking frå 2013 («The World's Muslims: Religion, Politics and Society») gav liknande resultat.

Europeiske muslimar tenkjer openbert annleis om dette. Berre eit mindretal på 14 % av norske muslimar sa i ei gallup-undersøking frå 2006 at dei ønskte seg «muslimske lover», medan eit dobbelt så stort mindretal på 28 % av britiske muslimar i ei undersøking frå 2007 sa at dei føretrakk sharia-lov framfor britisk lov («Living apart together»). Men det vanskeleg å vite nøyaktig kva muslimske respondentar tenkjer på når dei blir spurt meir uspesifisert om sharia. Kanskje har dei muslimsk familielovgivning i tankane og ikkje strafferett.

Både når det gjeld terrorisme og valdsinfisert strafferett, ser vi i dag at muslimar kraftig utfordrar kvarandre. Her heime har profilerte muslimar som Usman Rana og Bushra Ishaq talt tydeleg om «brann i islams hus» og «sivilisasjonskrig» muslimar imellom. Deira oppgjer rettast seg mot valdsromantikk i muslimske krinsar, og særleg mot jihadistisk terrorisme. Men også den valdsinfiserte strafferetten som altfor mange i den muslimske verda ser ut til å gå inn for, må konfronterast. Og når det gjeld den faktiske praktiseringa av slik strafferett, er det ikkje berre IS som er problemet, men også land som Saudi-Arabia og Iran.

Det handlar ikkje berre om å markere haldningar, internt i det globale fellesskapet av muslimar. Det må også eit teologisk oppryddingsarbeid til, der ein på eit etisk grunnlag problematiserer valdelege delar av den heilage tradisjonen. Det var dette den europeiske reformtenkaren Tariq Ramadan gjorde då han i eit såkalla moratorium frå 2005 mana verdas muslimar til å gi avkall på dødsstraff og fysiske straffereaksjonar. Hans etiske resonnement var at slike straffer alltid vil råke kvinner meir enn menn, fattige meir enn rike, og avmechtige meir enn dei med makt – og derfor ikkje kan forsvarast. Moratoriet kunne ha vore enda meir radikalt formulert. Men hos reformtenkarar som Ramadan ser ein konturane av ei tenking der ein på etisk grunnlag set parentes om delar av den religiøse tradisjonen som ikkje lenger let seg forsvare – i lys av verdier og menneskerettslege prinsipp som vi i dag held for å vere heilage.